




# Plan for overgang frå barnehage til skule i Bjerkreim kommune 2024-2028



**Målet er ikkje å unngå overgangar, for overgangar er ein del av livet. Målet er å unngå at overgangane blir for store og å leggje til rette for at barnet kan meistre dei og koma styrka gjennom dei (Ukjent).**



# Overgang mellom barnehage og skule

Dette arbeidet er viktig og er konkretisert både i barnehagelova og i opplæringslova.

## Frå barnehagelova

### §2a. Plikt til å samarbeide med skulen om overgangen frå barnehage til skule

Barnehagen skal samarbeide med skulen om barnas overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordning, jf. opplæringslova §4-7 og privatskulelova §5-5. Samarbeid skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang. Barnehagen må ha tillating frå barnets foreldre for å utlevera personopplysningar om barnet til skulen.

## Frå opplæringslova

### §4-7 Overgangen frå barnehagen til skulen


Kommunen skal sørge for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skulen og skulefritidsordninga.

## I tillegg er emnet omtalt i rammeplan for barnehage og i eigen rettleiar

### Frå rammeplan for barnehage

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen leggje til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksla kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, deira overgang til og oppstart i skulen. Barnehagen må ha samtykke frå foreldre for å dela opplysningar om enkeltbarn med skulen.

Dei eldste barna skal få moglegheit til å gleda seg til å begynna på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og motivasjon for å begynna på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutta barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjent med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.



## Frå rettleiaren: «Frå eldst til yngst»


Kunnskapsdepartementet har laga ein eigen rettleiar om samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule, Frå eldst til yngst. Her er det blant anna understreka at skulen må gjera seg godt kjent med enkeltbarnet, ikkje berre med diagnosen eller eventuelle behov for spesiell tilrettelegging.

Rettleiaren anbefaler at:

- Barnehagetida avsluttast på ein god måte, og skulen og skulefritidsordninga forbereder seg på å ta imot barnet.
- Barnet blir kjent med skulen i god tid før fyrste skuledag.
- Det er samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i barnehage og skule.
- Foreldra godkjenner informasjonsoverføring frå barnehage til skule og har moglegheit for aktiv medverknad i denne.
- Lærarane i barnehage og skule har felles møteplassar for forventningsavklaringar, kompetanseutvikling og felles planlegging.
- Kommunen initierer, planlegg, kontrollarar og følgjer opp samarbeidstiltak gjennom overordna planar. Planane bør inkludera både kommunale og private barnehagar og skular. Barnehage- og skuleeigar har det overordna ansvaret for å leggje til rette for samarbeid.



Man treng ikkje å vera like for å samarbeide, men eit godt samarbeid byggjer på forståing og kunnskap om kvarandre sine lik heiter og serpreg (Frå rettleiaren «Frå eldst til yngst» s.13).



## Bjerkreim kommune har som hovudmål at:

Barnehagane og skolane skal gje barna eit trygt og godt barnehage- og opplæringsmiljø.


### For overgangen mellom barnehage og skule har Bjerkreim kommune mål om at barnet skal:

- forlate barnehagen med utbytte og med glede
- kjenne skulen og glede seg til å begynna
- oppleve meistring og lyst til å læra
- føle seg akseptert og verdifull
- kunne vera ein del av ei gruppe



## Ramme for læring

For at alle 5 åringar skal oppleve ein god overgang til skulen, må dei ha hatt gode tydelege rammer i barnehagen, og koma til gode og tydelege rammer på skulen. Rammene for læring er ulike ut frå alder og utvikling hjå barnet. Barnehage og skule har derfor ulike rammer for læring for at barnet skal meistre sin kvardag. For at det skal bli ein god overgang frå barnehage til skule har dei to institusjonane ulikt ansvar for å skape gode rammer for læring for barnet.



# Ulikt ansvar for gode rammer for læring

## Barnehagens ansvar for at barnet skal kunne:

- kle på seg sjølv
- halde orden på sine egne ting
- læra å klara seg sjølv på toalettet
- ta imot beskjedar
- øva på sjølvregulering
- bli eit robust barn

## Skolens ansvar for at barnet skal kunne:

- strukturera seg
- ta ansvar og arbeida sjølvstendig
- bruka læringsstrategiar
- få gode arbeidsvanar
- læra å setje overkomelege mål
- vurdera sitt eige arbeid
- oppleve meistring
- ta medansvar for eigen læring
- øve på sjølvregulering
- arbeida i grupper/saman med andre

## For å oppnå dette trenger barnehage og skule hjelp frå føresette ved at dei...

- snakkar positivt om både barnehage og skule
- er ein positiv rollemodell som snakkar fint om andre
- finn gode måtar å vera foreldre i lag for barnegruppa/trinnet, og inkludera alle i foreldregruppa
- er ein tydeleg vaksen
- gjer barnet robust
- gjer barnet trygg på den dei er
- innarbeida ein god døgnrytme med nok søvn og sunt kosthald
- gjer leksene til ein sosial stund mellom seg og barnet

